



SØKNAD OM REDUKSJON I FORELDREBETALING TIL BARNEHAGE PÅ ØKONOMISK GRUNNLAG

FITJAR

Set kryss for ønska moderasjonsordning (sjå rettleiing)	
Ordning 1	Ordning 2

Les orienteringa på neste side før utfylling . Skjema må skrivast ut og sendast med post.

DEL - 1 Sjølvmelding(ar) frå siste år skal leggjast ved søknaden	Føresett 1			
	Fødselsnummer, 11 siffer _ _ _ _ _ _ _ _ _ _ _	Namn	Arbeidsstad/skule	
	Arbeidssøkjande <input type="checkbox"/>			
	Føresett 2			
	Fødselsnummer, 11 siffer _ _ _ _ _ _ _ _ _ _ _	Namn	Arbeidsstad/skule	
	Arbeidssøkjande <input type="checkbox"/>			
	Adresse	Postnr	Stad	Telefon
	Sivilstatus Gift <input type="checkbox"/> Sambuar <input type="checkbox"/> Einsleg <input type="checkbox"/> NB! Sambuer må først uansett foreldreansvar			
	OPPLYSNINGAR OM ALLE BARN I FAMILIEN NB! MÅ HA SAME BUSTADADRESSE			
	Barn	Namn	Fødselsnummer	Namn på barnehage
1				
2				
3				
4				
5				

DEL - 2 Ved store avvik frå sjølvmelding/manglande sjølvmelding	OPPLYSNINGAR OM ØKONOMI – denne delen av skjema nyttast berre dersom det er store avvik frå siste sjølvmelding			
	INNETEKTER PR MND	Føresett 1	Føresett 2	Beløp
	Lønsinntekter	kr.		
	Pensjonsgjevande inntekt sjølvstendig næringsdrivande	kr.		
	Ytingar frå NAV	kr.		
	Kapitalinntekter *	kr.		
	Andre inntekter *	kr.		
	Bustøtte *	kr.		
	Andre inntekter	kr.		
	Sum inntekter			kr.
NB: Stadfesting og dokumentasjon på ovannemnde tilhøve må leggjast ved søknaden				

Eg/me erklærer at ovanstående opplysninger er rette, og eg/me pliktar å underretta barnehagen / Kundetorget om endringar i ovannemnde tilhøve. Eg/me er klar over at urette opplysningar kan føre til krav om etterbetaling av foreldrebetaling og/eller tap av plass. Eg/me er innforstått med at opplysningane kan kontrollerast hos eikvar offentleg myndigheit

Stad

Dato

Underskrift

Søknad om reduksjon i foreldrebetaling retteleing

Foreldre med låg betalingsevne kan søkja kommunen om reduksjon i foreldrebetaling for barnehageplass jf Forskrift om foreldrebetaling i barnehager §3. Det kan også verta innvilga friplass med heimel i sosialtenestelova eller barnevernlova. Då lyt ein venda seg til NAV eller barneverntenesta.

Det er to ordningar for å søkja moderasjon i foreldrebetaling:

Ordning 1

GRUNNLAG FOR Å SØKJA OM REDUSERT FORELDREBETALING

Ingen familiar skal betala meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Familiar med inntekt under kr. 548.500 vil såleis betala mindre enn makspris på kr. 3.040. Betalinga skal reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt.

Ordning 2

GRATIS KJERNETID FOR 2, 3, 4 OG 5 ÅRINGAR FOR FAMILIAR MED LÅG BETALINGSEVNE

Alle 2, 3, 4 og 5 åringer og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med låg inntekt har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage pr. veke. Inntektsgrensa er sett til kr. 548.500.

FELLES FOR ORDNINGANE:

Hushald: einsleg, ektefeller, registrerte partnarar og sambuarar.

Som sambuarar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande tilhøve i minst 12 av dei 18 siste månadene, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

FØRESETNADER FOR REDUKSJON I FORELDREBETALINGA

- Barnet må vera folkeregistrert i Fitjar, og det må ha plass i offentleg godkjent kommunal eller ikkje-kommunal barnehage
- Ein har betalingsevne lågare en ei av dei to ordningane

INNTEKTER MÅ DOKUMENTERAST

Søklar har ansvar for å leggja fram dokumentasjon i samband med søknad.

- Sjølvmeldinga(ne) frå siste år skal leggjast ved søknad
- Del 2 i skjemaet må fyllast ut når:
 - søklar ikkje har sjølvmelding
 - det er store endringar i hushaldet si inntekt og opplysningane i sjølvmeldinga er endra. Årsak kan vera langtidsarbeidsløyse, samlivsbrot o.l.

Aktuell dokumentasjon (må ikkje vera eldre enn 1 måned):

- Arbeidstakarar: arbeidsinntekt/kopi av lønsslipp
- Sjølvstendig næringsdrivande: stadfesting frå rekneskapsfører/revisor på venta inntekt
- Arbeidsledige: kopi av siste utbetaling frå NAV
- Studentar: kopi av studentbevis - stadfesting studieplass

- Ev. annan relevant dokumentasjon

Det er 30 % søskenmoderasjon for 2.barn og 50 % søskenmoderasjon for 3. eller fleire barn.

ERSON- OG KAPITALINNEKTER, jf. liste i del 2 i skjemaet *

- **Ytingar frå NAV**
 - Sjukepengar eller arbeidsavklaringspengar
 - Uføretrygd
 - Dagpengar
 - Stønad som einsleg forsytar
 - Etterlattepensjon
- **Kapitalinntekter**
 - Renteinntekter, fonds- og aksjeutbyte
 - Gevinst ved sal av eigedom og lausøre
- **Andre inntekter**
 - Bustønad
 - Leigeinntekter

VURDERING

Sakshandsaming/klagerett er i tråd med krav i Forvaltningslova. Kommunen er klageinstans. Fitjar kommune som barnehagemyndede vil ta ei skjønsvurdering ved fastsetjing av foreldrebetaling.

Vedtaket vert gjort for gjeldande barnehageår.

Vedtaket har ikkje tilbakeverkande kraft. Iverksetjing er frå første betalingsmånad etter at vedtaket er fatta.

ENDRINGAR I PERSON- OG KAPITALINNEKTER ETTER AT VEDTAKET ER FATTA

Alle hushald med vedtak om reduksjon i foreldrebetaling pliktar å melda frå om endringar i den økonomiske situasjonen. Endringar kan ha konsekvensar for vedtaket.

Skjema må skrivast ut og sendast:

**Fitjar kommune, Skulekontoret
Postboks 83
5418 Fitjar**